

Fjern eit tal

Du har tala 1, 2, 3, 4, 5, 6. Vel eitt tal som du fjernar frå dei andre.

Du kan til dømes fjerne 5, slik at det står igjen 1, 2, 3, 4, 6.

Gjennomsnittet av desse tala er 3,2.

Kan du fjerne eitt av dei andre tala frå 1 til 6, slik at gjennomsnittet blir eit heiltal?

Du har tala frå 1 til N , der N er eit partal. Så fjernar du eitt tal og finn gjennomsnittet.

Kva tal kan du fjerne av dei N tala slik at gjennomsnittet blir eit heiltal? Kan du forklare kvifor det blir slik?

Korleis blir det viss N er eit oddetal?

Her er nokre fleire oppgåver som du kan prøve deg på

- Eitt av tala 1, 2, 3, 4, 5, 6 er fjerna, og gjennomsnittet av tala som står igjen er 36. Kva tal er fjerna?
- Eitt av tala frå 1 til 15 er fjerna, og gjennomsnittet av tala som står igjen, er 7,714285... (desimalane 714285 blir gjentekne i det uendelege). Kva tal er fjerna?
- Eitt av tala frå 1 til N , der N er eit ukjent tal, er fjerna. Gjennomsnittet av tala som står igjen, er 6,83... (desimalen 3 blir gjentekne i det uendelege). Kva tal er N , og kva tal er fjerna?
- Eitt av tala frå 1 til N er fjerna, og gjennomsnittet av tala som står igjen er 25,76. Kva tal er N , og kva tal er fjerna?